

# **Vedtekter for Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS**

Vedteke i generalforsamling 23. mai 2023

## **§ 1.**

Verksemda sitt namn skal være «Vitensenteret i Sogn og Fjordane as».

## **§ 2.**

Verksemda har forretningskontor i Sogndal kommune

## **§ 3.**

Verksemda sitt føremål er å etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane.

## **§ 4.**

Verksemda har ikkje som føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk vinning og skal ikkje betale utbyte. Ved eventuell oppløysning skal overskot og formue gå til Musea i Sogn og Fjordane

## **§ 5.**

Aksjekapitalen skal vere på kr 3 060 000.-

## **§ 6.**

Aksjen sin pålydande skal vere kr 10.000.-.

## **§ 7 Styret**

Verksemda sitt styre skal ha fem til sju medlemmar. Leiar, nestleiar og inntil 5 styremedlemmar. I tillegg skal det veljast 3 varamedlemmar, 1., 2. og 3. varamedlem, med møterett. Alle medlemmane vert valt for 2 år. Styreleiar skal veljast for 1 år.

## **§ 8 Valnemnd**

Generalforsamlinga vel for to år av gongen tre medlemmer av ein valnemnd som skal vere aksjeeigarar eller representantar for aksjeeigarane. Generalforsamlinga vel leiar i valnemnda. Nemnda skal gje innstilling til generalforsamlinga om val av aksjonærvalte styremedlemmer og varamedlemmer, herunder forslag på styreleiar og nestleiar.

## **§ 9**

Kunngjering til aksjonær skjer ikkje offentleg. Verksemda skal halde ordinær generalforsamling kvart år innan utgangen av juni. Innkallinga med dagsordenen skjer med skriftleg varsel til aksjonærane minst to veke på førehand.

## **§ 10**

Årsmelding, årsrekneskap og revisor sin melding skal vere sendt til kvar einskild aksjonær samstundes som innkalling til ordinær generalforsamling.

## **§ 11**

På den ordinære generalforsamlinga vert følgjande spørsmål handsama og vedteke:

1. Godkjenning av årsmeldinga og årsrekneskapen og eventuell utdeling av utbyte
2. Val av styre.
3. Eventuelt val av:
  - a. Revisor
  - b. Forretningsførar
4. Vedtektsendringar
5. Andre saker som det ligg til generalforsamlinga

## **§ 12**

Framlegg som ein aksjonær ynskjer at den ordinære generalforsamlinga skal handsame skal være skriftleg, innehalde forslag til avgjersle og grunngjeving for at saka blir sett på dagsorden, og sendt styret innan 1. mars. Alle dokument til generalforsamlinga skal gjerast tilgjengeleg for aksjonærane i varseltida ved at dei blir sendt ut saman med innkallinga til generalforsamling.

## **§ 13**

Elles gjeld aksjelova.